

Flinke elevar ved ny skule

05.10.2014

# Under



# Ruten

Skuleavis for Rosendal ungdomsskule


5. Årgang, okt. 2014 Pris: 30,00 kr

## På besøk hos spreke husokkupantar



Varaldsøy ældersheim


Torsdag 26. september gjorde kommunestyret eit vedtak som fekk store konsekvensar for ei flott øy, og to sjærmerande og godt vaksne husokkupantar. Våre utsende medarbeidarar tok turen til Varaldsøy for å møte Mildrid Hartveit (86), ei av dei to damene. Les meir på side



**Korleis bli ein god amatørfotograf**  
Les meir på s. 18/19



**Ebola**  
**Det dødelege virus**  
Les meir på s. 26



**Turtips til Haustferien**  
Les meir på s. 16

**Tiandeklassingane ved Rosendal ungdomskule imponerer.  
Dei har laga ei avis på 28 sider som er utruleg innhaldsrik  
og leseverdig. Berre så synd at dei ikkje har fått betre  
rettleiing om typografi og layout. Den knøttsmå skrifta er  
ikkje lett å lesa for eldre folk og bileta fortener ein betre  
skjebne.**

Også fleire uskedelingar har vore med på avislaget og ein av dei er Karsten Andre Haugland, som har laga reportasje om kva ungdommen her i bygda driv med. Det er mellom anna airsoft, som er ein annan form for paintball og som dei brukar ein masse pengar på, opplyssar Karsten Andre. Dei spelar i skogområdet og har planar om å finna andre eigna plassar.

Ellers inneholder avisas mykje anna stoff som ein kan ha nytte av og vi siktar mellom anna til ein instruktiv artikkel om fotografering som nokon kvar bør lesa. Den første setningen er ikkje minst viktig:  
**For å ta gode bilete må du ta kontrollen sjølv!**

Turglede er ein annan nyttig artikkkel og her lokkas det mellom anna med Mannsvatnet som ein fin plass der ein kan telta eller liggja i hytte. Denne artikkelen er det Ingvill Ersland Myklebust, Solveig Haugland og Kristine Tveit som står bak. Så er det mykje godt reportasjestoff, mellom anna frå aldersheimen på Varaldsøy.

Det er også grunn til å merka seg den positive haldninga til nyskulen. I leiaren sleg redaktørane Mathilde Skeie Olsen og Ada Margrethe Seim fast at den er ein bra skule med god kvalitet. Det er eit bra skolemiljø med lite mobbing og stor trivsel blant elevane. Den er mykje betre enn den gamle skulen. Dei har både eigen naturfagsal, auditorium, musikkrom, kantine og skulekjøkken. påpeikar dei.

Og vi håpar at dei også har godt nok utstyr slik at neste UNDER NUTEN vert av betre teknisk kvalitet. Det fortener dei flinke elevane.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen